



# Rammeverk for realfagsnettverk (barnehagar og skular) 2016-2017

---



## Innhald

Innhald.....	2
1 Bakgrunn .....	3
2 Formål.....	3
3 Organisering .....	4
4 Dialogkonferansemodellen .....	5
5 Innhald.....	5
5.1 Realfagsstrategien sine hovudmål .....	5
5.2 Realfagsstrategien sine innsatsområder .....	6
5.3 Skisse til plan for innhald i realfagsnettverka.....	6
6 Deltakarar/Forplikting .....	6
7 Samarbeidspartnare.....	6
8 Evaluering.....	7
9 Økonomi.....	7
10 Vedlegg.....	8
10.1 Døme på refleksjonsnotat .....	8
10.2 Vurderingskrysset.....	9
10.3 Skisse til plan for innhald i realfagsnettverket 2016-2017 .....	10

## 1 Bakgrunn


Kommunen har for perioden 2016-2017 av Utdanningsdirektoratet (Udir) blitt valt til realfagskommune. Kommunen får økonomisk og fagleg støtte til nettverksarbeid.

Kommunen har forplakta seg til å etablere og koordinere lokale realfaglege nettverk for barnehage- og grunnskulelærarar, og leggje til rette for at deltakarane skal kunne dele kunnskap og erfaringar med kollegaer på eigen arbeidsplass. Høgskolen i Bergen bidreg med ekstern kompetanse i nettverka.

Dette dokumentet er eit rammeverk for gjennomføring av desse nettverka fordelt over tre semester.

## 2 Formål

Formålet med å etablere faglege nettverk for realfag er å nå mål satt i realfagsstrategien (planlagt ferdig januar 2017), leggje til rette for erfaringsutveksling, faglege refleksjonar, skape motivasjon og bidra til ein praksisendring. Lærande nettverk er ein utviklingsmodell som vist i figur 1.



Figur 1 Lærande nettverk

Modellen ovanfor synleggjer innhaldskomponentane i eit lærande nettverk. Nettverket skal vera ein arena for erfaringsdeling, kritisk refleksjon og fagleg utvikling. Utgangspunktet for arbeidet er konkrete døme frå kvardagen i skulen som igjen blir støtta opp av forskning og relevant teori (Utdanningsdirektoratet 2015). Utdanningsdirektoratet (2015) peikar på fylgjande punkt som vesentlege innhaldskomponentar i eit lærande nettverk:

Det er viktig å:

- ❖ arbeide for felles forståing og avklare forventningar, rollefordeling og avgrensingar av samarbeidet. Det vil sei at nettverksleiar og nettverksdeltakarar er klar over kva som forventas av dei
- ❖ knytte arbeidet i nettverka tydeleg til utviklingsprosessen på den einskilde skule og barnehage

- ❖ gjennomtenkt og planlagt struktur for samlingar/nettverksmøter med førehandsdefinert innhald og forpliktande og gjensidig deltaking. Det vil sei at alle deltakarar stiller førebudd og bidreg med erfaringar frå praksis på samlingar/nettverksmøter
- ❖ ha jamlege samlingar med krav om arbeid/utprøving i klasserommet og på avdelinga mellom samlingar/nettverksmøter
- ❖ vektlegge erfaringsdeling og refleksjon over eigen praksis. Ein del av dette handlar også om å utvikle ein kultur i nettverket for å lære av kvarandre og for å reflektere over og stille spørsmål ved eigen og andre sin praksis
- ❖ ha faglege innlegg og litteratur som utfordrar eigen praksis og bidra til kompetanseutvikling
- ❖ innhente ekstern kompetanse ved behov

(Utdanningsdirektoratet, 2015:15)

### 3 Organisering

Skulefagleg rådgjevar (Reidun E. Johannessen ) og barnehagefagleg rådgjevar (Mette M. Træland) har ansvar for å planlegge og leie realfagsnettverka. Representantar frå Høgskulen i Bergen skal vere fagleg rettleiarar i nettverka. Våre kontaktpersonar er Johan Lien (seksjonsleiar matematikk) og Anne Myklebust Lynngård (seksjonsleiar naturfag). Prosjektgruppe for realfagssatsinga er:

- Magne Lædre, rektor på Sagstad skule
- Liv Veland, realfagslærarar på Meland ungdomsskule
- Camilla Smith-Strøm, styrar i Marihøna barnehage
- Beate Jacobsen, dagleg leiar i Leirdalen barnehage
- Mette M. Træland, barnehagefagleg rådgjevar
- Reidun E. Johannessen, skulefagleg rådgjevar (prosjektleiar)
- Høgskulen i Bergen (Johan Lien og Anne M. Lynngård) er fagleg rettleiarar


I figur 2 gis ei oversikt over korleis nettverka er tenkt organisert.

Tema	Skildring
<b>Nettverk</b>	Det skal vere eit felles nettverk for skule og barnehage
<b>Deltakarar</b> (ca. 45 deltakarar)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- To lærarar frå kvar skule</li> <li>- To barnehagelærarar frå kvar barnehage</li> <li>- Rektor frå kvar skule</li> <li>- Styrar frå kvar barnehage</li> <li>- Skulefagleg rådgjevar</li> <li>- Barnehagefagleg rådgjevar</li> <li>- (Meland PPT)</li> </ul>
<b>Roller</b>	<p><b>Rektorgruppa og barnehagestyrarane:</b> Referansegruppe for prosjektgruppa. Gruppene vert fortløpande orientert om arbeidet i ordinære møter og på e-post</p> <p><b>Prosjektgruppa:</b> Gjennomgår evaluering frå kvar nettverkssamling og gjev innspel til teama</p> <p><b>Høgskulen i Bergen:</b> Fagleg rettleiarar i nettverka, og deltek i planlegginga</p> <p><b>Nettverksleiarar:</b> Rådgjevar for skule og for barnehage</p>
<b>Omfang</b>	To gonger per semester
<b>Lokalisering</b>	Hagelia Matstove (lokalisert i kontorbygget Dampen i Knarvik. Næraste nabo til postterminalen under Hagelsundbrua)
<b>Anna</b>	Danielsen ungdomsskule vert invitert til å delta i nettverka, og alle dei private barnehagane vert invitert med

Figur 2 Organisering av nettverka

## 4 Dialogkonferansemodellen

Nettverkssamlingane skal byggja på *Dialogkonferansemodellen* (jfr. Torbjørn Lund).



Torbjørn Lund presiserer at ikkje meir enn 1/3 av tida skal brukast til teori. Dialog handlar om å belyse eit tema frå fleire ståstader.

## 5 Innhald

Mål og innsatsområde som er satt for realfagsstrategien vil danne utgangspunkt for tema i nettverka.

### 5.1 RealFagsstrategien sine hovudmål



## 5.2 Realfagsstrategien sine innsatsområder



## 5.3 Skisse til plan for innhald i realfagsnettverka

Sjå vedlegg 10.3.

## 6 Deltakarar/Forplikting

Deltakarar: Minimum to lærarar frå kvar barnehage/skule. For å sikre kontinuitet bør det vere dei same som deltek kvar gong. Rektor og styrar deltek i tillegg til lærarane (andre ordningar kan avklarast individuelt).

Forplikting:

1. Deltakarane (pedagogane) forpliktar seg til å prøve ut noko i eigen praksis (og reflektere) mellom kvart møte i nettverka
2. Deltakarane (pedagogane) bruker skjemaet Gjort-Lært-Lurt (eller tilsvarande). Skjemaet sendast inn til nettverksleiarane (Reidun og Mette) *ei veke før* neste nettverksamling. GLL-skjemaet brukast også når eigen erfaring delast med dei andre i nettverket
3. Barnehage- og skuleleiarane lager plan for eige utviklingsarbeid innan realfag (mal vert sendt ut med frist for levering haust 2016)

## 7 Samarbeidspartnare

<b>Høgskulen i Bergen</b>	Representantar frå Høgskulen i Bergen skal vere fagleg rettleiarar i nettverka. Våre kontaktpersonar er Johan Lien (seksjonsleiar matematikk) og Anne Myklebust Lynngård (seksjonsleiar naturfag).
<b>Andre eksterne</b> (andre kommunar, Vilvite, UH-sektor utanom HiB, Nordhordland kompetanseregion, lokale bedrifter m.m.)	Vert kontakta etter nærare avtale

## 8 Evaluering

Etter kvart gjennomført nettverksmøte skal deltakarane fylle ut eigenvurderingsskjema. Vurderingskrysset nyttast som utgangspunkt for vurderingane.

## 9 Økonomi

Utdanningsdirektoratet (Udir) har tildelt midlar til kommunen for å drive lokale realfagsnettverk (i tre semester). I tillegg vel kommunen å bruke tildelte kompetansemidlar for barnehagane inn i prosjektet. Det er laga eige budsjett for bruk av midlane.

Vikarutgifter er tenkt dekkja for inntil ein deltakar per skule/barnehage med kr 250,- pr. time. Dei private barnehagane sender refusjonskrav til Meland kommune v/skulefagleg rådgjevar, merka «Realfagsnettverk». Dei kommunale skulane og den kommunale barnehagen merker utgiftene med objektkode.

Kommunen skal rapportere på bruk av midlar ved utgangen av 2017.

## 10 Vedlegg

### 10.1 Døme på refleksjonsnotat


**GLL** – et refleksjonsnotat

Tema/hendelse:		
Giort:	Lært:	Lurt:

Plass til notater:



10.2 Vurderingskrysset



### 10.3 Skisse til plan for innhald i realfagsnettverket 2016-2017

Mette M. Træland og Reidun E. Johannessen er leiar av realfagsnettverket

	Tema	Praksisforteljingar	Førelesar	Mellomarbeid
30.09.2016	«Korleis bruke nettverk for å frigjere taus kunnskap og inspirerer til nytenking i barnehagar og skular?»		Torbjørn Lund (UIT) Anne M. Lynngåd (HIB) Magni Lossius (HIB)	Forventningar har deltakarane har til arbeid i realfagsnettverk?
20.01.2017	Bruke digitale verktøy til å produsere og tolke data	Marilhøna barnehage – digitalt mikroskop Rossland skule – droner? Meland ungdomsskule – digitale tavler? Sagstad skule – digitale tavler?	Anne M. Lynngåd (HIB) Magni Lossius (HIB) Johan Lien (HiB?)	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre ein aksjon på egen skule (planleggje, prøve ut ny praksis, reflektere)</li> <li>Sende inn utkast til utviklingsplan innan 20.11.2015.</li> </ul>
April 2017	Gjøre, se, lese, skrive, og snakke saman i læringssituasjonen		Idar Mestad (HIB) ?	Gjennomføre ein aksjon på eigen skule (planleggje, prøve ut ny praksis, reflektere)
Sept. 2017	Byggje på barn og unges evne til <i>undring</i> når en jobbar med utforskande arbeidsmåter			Gjennomføre ein aksjon på eigen skule (planleggje, prøve ut ny praksis, reflektere)
Nov. 2017	Byggje på barn og unges evne til kreativitet når ein arbeider problemløysande		Invitere lokal bedrift?	Gjennomføre ein aksjon på eigen skule (planleggje, prøve ut ny praksis, reflektere)
Januar 2018	Bruke digitale verktøy til å produsere og tolke data			Gjennomføre ein aksjon på eigen skule (planleggje, prøve ut ny praksis, reflektere)